

Handlingsplan 2024-2025

Fagforbundet Alver

Vedtatt på årsmøtet den 30. januar 2024

Innleiing

Handlingsplanen omfattar fagforeininga sine målsettingar og aktivitetar for perioden mellom årsmøta. Handlingsplanen bygger på Fagforbundet sin strategiplan.

Planen må sjåast i samanheng med resultatata og erfaringa (årsberetning) frå førre periode i Fagforbundet Alver

Kostnader som følger av handlingsplanen blir konkretisert i fagforeininga sitt budsjett.

Fagforeininga sine utfordringar på kort og lang sikt

Utfordringar overfor arbeidsgjevarane

- Det kan kome endringar på arbeidsplassane. Vi må følge opp og sikre alle medlemmane i samband med eventuelle organisasjonsendringar. Vi må arbeide aktivt for vidare harmonisering av løn, samt sikre gode pensjonsvilkår for alle våre medlemmar. Vi vil jobbe for heile og faste stillingar.
- Økonomi kan vere ei utfordring i både offentlege og private verksemdar.
- Heimekontor kan vere ei utfordring.

Yrkesfaglege utfordringar

- Vi ser at arbeidsgjevarane i stadig større grad krev utdanning på høgskulenivå i samband med tilsetting av ledige stillingar, stillingar som tidlegare har vore tilsett av personar med fagbrev. Dette meiner vi er ei uheldig utvikling for samfunnet og for unge nyutdanna arbeidstakarar. Vi må bidra til auka status og yrkesstoltheit for yrkesgruppene.
- Vi må sikre at arbeidsgjevarane legg til rette for kompetanseutvikling for alle tilsette. Innanfor enkelte grupper slit arbeidsgjevarane med å rekruttere inn nok lærlingar,

samtidig må vi jobbe for å auka tal lærlingplassar innanfor eksempelvis administrasjon og tekniske fag.

- Vi skal ha aktivitet i alle yrkesseksjonane.
- Vi skal jobbe for å få yrkesfagleg aktivitet i ungdomsutvalet.

Politiske utfordringar

Vi skal arbeide vidare for å få innført ein heltidskultur, der heile og faste stillingar er normalen. Politkarane skal gjerast kjent med vårt arbeid for harmonisering av løn i Alver kommune. Vi må framleis jobbe med å påverke dei politiske partia for å motverke konkurranseutsetting og privatisering.

Vi må synleggjere fordelar og moglegheiter ved drift i eigenregi. Vi må jobbe mot sosial dumping.

Utfordringar i eigen organisasjon

Vere aktiv og synlege i alle yrkesseksjonane og utvala i foreininga. Ha høg satsing på verving av nye medlemmar, med aktivitet i og rundt forbundsveke. Vi vil jobbe for at fagforeninga har, og kan nytta digitale verktøy.

Strategiplanen 2024 - 2025

Strategiplanen er landsstyret sine prioriteringar av arbeidet i heile organisasjonen. Eit hovudmål for Fagforbundet er aukt tariffmakt. Det gjev oss styrke til å ivareta medlemmane sine interesser ovanfor arbeidsgjevar og i samfunnet, sjå Strategiplan 2024-2025.

Følgjande områder er prioritert:

1. Heiltid, likeløn og kampen for mindre ulikheiter
2. Gode offentlege tenester med eigne tilsette
3. Organisasjonsbygging og tariffmakt
4. Fag- og tenesteutvikling
5. Alliansebygging, myndighetskontakt og fagligpolitisk påverknadsarbeid
6. Digitalisering

Heiltid, likeløn og kampen for mindre ulikheiter

Hovudmål 2024-2025:

- Fleire kommunar har starta arbeidet med å etablere ein heltidskultur.
- Færre jobbar deltid, og fleire av Fagforbundet sine medlemmar har heile, faste stillingar.
- Lønsgapet mellom kvinner og menn blir mindre.

- Forbetre og trygge medlemmane sine pensjonsrettigheiter. Målrette innsatsen i privat sektor og tariff feste kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar.

Fagforeininga sine mål:

- Jobbe for heiltidskultur og at heile stillingar er normalen.
- At medlemmar i alle områder skal sikrast ei lønsutvikling som minst opprettheldt kjøpekrafta.
- Jobbe for harmonisering av løn.
- Tillitsvalde etter hovudavtalane skal ivareta tariffområdet. Fagforeininga må sikre at dei ulike tariffområda blir ivareteke.
- Arbeide med å tariffeste tenestepensjonsordninga i fleire tariffområder.
- Fleire av Fagforbundet sine medlemmar jobbar heiltid.

Fagforeininga sine tiltak:

- Halde løpande oversikt over medlemmane si tariffmessige tilknytning i Fane 2.
- Førebu tillitsvalde på å gjennomføre lokale forhandlingar.
- Avhalde minst eit informasjonsmøte for medlemmane med tariff/pensjon som tema.
- Krevje drøftingsmøter om bruken av mellombelse tilsetjingar og bruk av bemanningsføretak. Jmf. lov og avtaleverk.
- Gjennomføre drøftingsmøter som gjeld bruk av deltid og utarbeiding av retningslinjer.
- Fremje krav etter arbeidsmiljølova kapittel 14, for alle som har rettmessige krav i samsvar med lovverket.
- Krevje at stillingar som hovudregel vert lyst ut som heile, faste stillingar.

Offentlege gode tenester med eigne tilsette:

Hovudmål 2024-2025:

- Krevje drift med eigne tilsette framfor anbudsrundar for å sikre tilsette sine løns- og arbeidsvilkår.
- Lage oversikt over kva tenester som er konkurranseutsett, kva tenester som blir kjøpt inn, og bruken av vikarbyråer for å krevje drift med eigne tilsette.
- Formidle yrkesfagleg argumentasjon for å drifte offentlege tenester med eigne tilsette, og sikre samarbeid mellom valde etter hovudavtalen og valde etter vedtektene.
- Motvirke konkurranseutsetjing og privatisering gjennom aktivt fagligpolitisk samarbeid.
- Bruke trepartssamarbeidet for å bygge tillitsbasert styring og leiing.

Fagforeininga sine mål:

- Ein større del av den offentlege tenesta vert drive i eigenregi.
- At offentlege tenester ikkje blir konkurranseutsett.
- Alver kommune har innan utgangen av 2024 vedteke tiltaksplanar mot sosial dumping og arbeidsmarknadskriminalitet.
- Politiske parti lokalt, regionalt og nasjonalt forpliktar seg til drift av offentlege tenester i eigenregi.

Fagforeininga sine tiltak:

- Krevje utgreiing av eigenregi, mellom anna i samband med nye anbodsrundar, og sikre tilsette sine løns- og arbeidsvilkår ved konkurranseutsetting eller privatisering.
- Ha ein offensiv strategi for å formidle yrkesfagleg argumentasjon for eigenregi.
- Føreslå trepartssamarbeid som arbeidsform i omstilling og utviklingsarbeid.
- Byggje nettverk med andre kommunar som har etablert trepartssamarbeid.
- Bruke det fagleg politiske samarbeidet for å krevje tiltaksplan mot sosial dumping og arbeidsmarknadskriminalitet. Gjerne i samarbeid med andre LO-forbund.
- Bruke det fagleg politiske samarbeidet for å motverke konkurranseutsetting og privatisering, gjennom å krevje at dei politiske partia forpliktar seg til å jobbe for at offentlege tenester skal drivast i eigenregi.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Hovudmål 2024-2025:

- Styrke tariffmakta i KS-området.
- Styrke tariffmakta i Spekter helse.
- Styrke tariffmakta i NHO området.
- Ti prosent av lærlingane i våre organisasjonsområder er medlem av Fagforbundet.
- Ti prosent auke av studentmedlemmar.
- Tillitsvalde nyttar forbundets ulike kommunikasjonsplattformer i arbeidet.
- Tillitsvalde har kompetanse og verkøy til å utøve sitt verv.

Fagforeininga mål:

- Fagforbundet sin organisasjonsgrad skal auke med minst 2 prosent i KS-området.
- Fagforbundet sin organisasjonsgrad skal auke med minst 2 prosent i andre tariffområder.
- Tal yrkesaktive medlemmar med høgskule- og universitetsutdanning skal auke med minst 10 prosent.
- Fagforbundet skal auke talet elevar og lærlingar med minst 5 prosent.

Fagforeininga sine tiltak:

- Jobbe for at det vert vald tillitsvalde på alle arbeidsplassar i alle tariffområde der fagforeininga har medlemmar.
- Verve 125 nye medlemmar.
- Gjennomføre regelmessige arbeidsplassbesøk for å sikre kontakt med medlemmane og verve nye.
- Sørge for at det vert etablert gode rutinar for å behalde medlemmar.
- Gjennomføre velkomstsamtale med alle nye medlemmar.
- Presentere Fagforbundet og tilby medlemsskap til alle nye tilsette.
- Følgje opp medlemmar og tilsette når verksemder vert utskilt.
- Styrke det yrkesfaglege tilbodet innanfor alle sektorar/områder.
- Sikre regelmessig aktivitet på vidaregåande skular, i samarbeid med fylkeskontoret

- Verve yrkesaktive med høgskule- og universitetsutdanning.
- Prioritere tiltak frå handlingsplanen for mangfald og inkludering for å nå målsettinga for arbeidet.

Fag- og tenesteutvikling

Hovudmål 2024-2025:

- Prioriterte yrkesgrupper og område blir synleggjort.
- Fleire medlemmar har tilbod om relevant kompetanseheving.
- Tall læreplassar samsvarer med arbeidets og samfunnets behov.
- Fagforbundet er ein aktiv aktør i klimapolitikken og medlemmane tar del i det lokale klima- og miljøarbeidet.

Fagforeininga sine tiltak:

- Vere til hjelp for dei tillitsvalde i gjennomføringa av drøftingsmøter med arbeidsgjevarar i alle tariffområder, for å utarbeide og iverksette kompetanseplanar, og jobbe for at kompetanseplanar blir følgt opp.
- Arbeide opp mot arbeidsgjevar og andre aktørar for å auke tal læreplassar i alle verksemdar, spesielt i offentleg sektor.
- Arbeide for at fleire tar fagbrev.
- Bidra til medverknad knyta til digitalisering og IKT-løysingar på arbeidsplassen.

Alliansebygging, myndighetskontakt og fagligpolitisk påverking

Hovudmål 2024 - 2025:

- Fagforbundet bidrar til kompetanseutvikling på arbeidsplassen.
- Relevant kompetanseheving gjev utteljing i løn.
- Auke verdsetjing av og respekt for yrkesgruppene.
- Fagforbundet er synleg som ein sentral utdanningspolitisk aktør på alle utdanningsnivå.
- Jobbe for å auke tal læreplassar i alle sektorar og at det blir oppretta nye læreløp.
- Engasjere medlemmar og tillitsvalde til å fremje Fagforbundet sin politikk.
- Fleirtalet av Fagforbundet sine medlemmar har brukt stemmeretten i stortingsvalet i 2025, og stemt på partier som støtter forbundet sine mål og arbeid.
- Bygge kunnskap og alliansar for klima- og miljøsaka nasjonalt og lokalt.
- Ha eit godt samarbeid med parti som deler Fagforbundet sin ideologi og verdiar.

Fagforeininga sine mål:

- Engasjere eigne medlemmar til å fremje Fagforbundet sin politikk lokalt og sentralt.
- Bruke sosiale media aktivt.

Fagforeininga sine tiltak:

- Etablere alliansar og vidareutvikle det fagleg politiske samarbeidet.
- Arbeide fram lokale, politiske saker som medlemmane synes er viktige.
- Gjennomføre fagleg politisk skulering for tillitsvalde.
- Møte medlemmane gjennom arbeidsplassbesøk, medlemsmøter og bruk av sosiale media.

Digitalisering

Hovudmål 2024 - 2025:

- Nasjonal/offentleg skytjeneste vedtas.
- Digitale løysingar i offentleg sektor er integrert i partssamarbeidet.
- Det er satt i gang arbeid for å motverke digitalt utanforskap.
- Forbedra digital kompetanse hos tillitsvalte.
- Tillitsvalde har enklare tilgang til relevant informasjon og verktøy for å utøve vervet.

Fagforeininga sine mål:

- Få ut bredt google disk til alle tillitsvalte
- Elektroniske spørjeundersøkingar
- Digitale påmeldingar til aktivitetar

Fagforeininga sine tiltak:

- Prøve ut og innføre digital påmeldingssystem ved arrangementa
- Ta i bruk elektroniske spørjeundersøkingar for eksempel i samband med tariffinnspel
- Jobbe for at tillitsvalte får tilgang til fagforeininga sin skyløsning.

Skulering av tillitsvalde

Hovudmål 2024 - 2025:

- Flest mogleg tillitsvalde skal ha gjennomført Fagforbundet si skulering for å få auka kunnskap og tryggleik til å ivareta medlemmane sine interesser i faglege og politiske saker.

Fagforeininga sine mål:

- Gjennomføre opplæring av tillitsvalde
 - Trinn 1 og 2
 - turnuskurs
 - styreopplæring

Fagforeininga sine tiltak:

- Jobbe for at alle tillitsvalde deltek på skulering. Formidle kunnskap om aktuelle tema og Fagforbundet sine politiske, faglege og ideologiske budskap på yrkes-, ungdoms- og tillitsvald samlingar.

Verve plan

Mål for 2024 – 2025:

- Verving er tema på møter og samlingar i 2024
- Plasstillitsvalde skal tilby medlemskap til alle nytilsette
- Ha aktivitet i yrkesseksjonar og utval i forbundsvekene

Fagforeininga sine tiltak:

- Sette verving på dagsorden på møter og samlingar i 2024
- Vere til hjelp for plasstillitsvalde i arbeid med verving
- Ha samlingar for tillitsvalde der verving er del av programmet
- Ha aktivitet i yrkesseksjonane og utvala i forbundsvekene